# Bokn Bygdablad

Nr. 6 august 2010 – Årg. 25




Vellukka – s. 4



Hjartestartar på Coop Marked Bokn – s. 3



Utsiktspunkt Boknafjell – s. 8



Norgescup og kretsmeisterskap – s. 14

25 år

www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ BOKN

**Bokn Bygdablad**

**www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no**

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**Medarbeidar:** Annette Bokneberg

**Bygdabladnemnd**
Johannes Nilssen
Ellen Nedrebø
Lars Norekvål

**Foto, omslag:**
Stephan Haram


**Gjeldande annonseprisar (netto)**

| | |
|---|---|
| Heilside | kr. 500,- |
| Halvside | kr. 300,- |
| Kvartside | kr. 150,- |
| 1/8 side | kr. 100,- |
| Privatann. | kr. 50,- |
| Fast-/fargeann. | etter avtale |



STORT FRAMSIDEBILDE:

Fv. Karina Kjetland, Oddrun Grønnestad, Irmelin Taraldlien, Marianne Sunde og Maria Nilssen i Boknabunaden. Sjå elles s. 4

Foto: Elisabet Taraldlien



# O HAR ORDFØRAREN ORDET

*Kjære sambygding*

**Omdømmebygging**

NRK-profilen Dag Lindebjerg og Arne Larsen Økland gjorde 11. august strandhogg på Bokn med TV-team på slep. Dei kom sjøvegen og la til kai i Alvestadkroken med den innleigde skøyta "Hardsjø" og blei teke godt i mot av mange boknarar. I løpet av ti produksjonsveker skal Dag Lindebjerg portrettera norskekysten frå Grense Jakobselv til Halden. Dei fire timane som var sett av i Bokn blei nytta særs godt med besøk både på Boknafjellet, Alvestadkroken og i Oksebåsen. Også ei rekkje andre kystkulturinnslag frå kommunen vår blei festa på film.

I samband med Stortingsmeldinga om lokal vekstkraft og framtidstru, er det peika på kor viktig det er å få til ei heilskapleg og god lokal samfunnsutvikling. Det å bygga eit godt omdømme betyr mykje for kommunen sitt arbeid med lokal samfunnsutvikling og i arbeid med å fremja bulyst.

Eg trur det er viktig for Bokn kommune å jobba systematisk med profilering og omdømmeprosessar for å få til auka tilflytting. Å bygga omdømme handlar om å bygga verdi. Det handlar om å ta tak i moglegheitene for å vera ein stad der folk vil bu, som folk snakkar positivt om og som er i stadig utvikling. Omdømmebygging startar med jakta på det unike i eigen kommune, og at me stillar oss sjølve spørsmåla: Korleis ynskjer me å framstå? Kva slags attraksjonar har me? Kva er me gode på? Kva er det unike hjå oss? Korleis kommuniserar me det? Og korleis gjer me alle innbyggarane klar over at dei har ei veldig viktig rolle i dette arbeidet?

Historien om eit lokalsamfunn kan forteljast på mange måter, men å få eksponert det beste Bokn har å by på av kystkultur- og natur på riksdekkande fjernsyn, er ein unik måte å bygga omdømme på. Meir enn 200 stader langs heile norskekysten hadde bedt om å få bli med i programserien, men berre helvta nådde opp. Og boknarane kjente besøkstida si godt, mobiliserte og viste eit flott engasjement slik at NRK fekk nett dei bileta me alle håpa på. Difor vil eg retta ein stor takk til alle som på ein eller annan måte stilte opp på denne viktige dugnaden og bidro til omdømmebygging av Bokn på riksdekkande fjernsyn i beste sendetid.

**Noregscup i Trial**

Laurdag 18. september arrangerar Pluggen motorklubb for andre gang Noregscup i Trial på Torland. Pluggen arrangerte Noregs Cup sist for to år sidan, og det på ein solid måte. Både publikum og utøvarar koste seg i bakkane på Torland og overtydde alle om at klubben også kan gjennomføra store arrangement i vår kommune. Eg set stor pris på at Pluggen tek på seg slike arrangement og på den måten marknadsførar både motorsporten og lokalsamfunnet.

Slike arrangement krev stort og breidt engasjement og mange timars dugnadsinnsats ligg bak før dei fyrste trialkjørarane kan kjøra fram til startstreken på Torland. Men eg er sikker på at verdien er stor av å vera vertsskap for slike arrangement; ein opparbeidar seg kunnskap og erfaring rundt meisterskapsavvikling, utøvararne våre får røyna seg mot dei beste kjørarane i landet og det kjem alltid nokre kroner inn i klubbkassa til slutt.



**Torland 2008 Foto: Kjetil Hamre**

Eg ser fram til mange spennande løp med utøvarar som vil gje publikum ei flott og spennande oppvisning på Torland i september. Spesielt kjekt blir det å fylgja våre lokale utøvarar gjennom dei ulike seksjonane.

Eg vil ynskja Pluggen lukke til med eit arrangement som set Bokn på kartet og håpar flest mogleg legg turen til Torland denne dagen for å få med seg flotte oppvisingar av både tilreisande og lokale trialutøvarar.

*Ordføraren*

# Hjartestartar på Coop Marked Bokn

Jardar Havikbotn

**Bokn sine godhjarta sanitetskvinner har gitt butikken i Føresvik ein heilautomatisk hjartestartar.**

Gåva blei overrekt på Sommarmarknaden 10. juli. Butikksjef Tor Harald Alvestad fortel til Bokn Bygdablad at hjartestartaren skal henga på veggen i kaffikroken til høgre for inngangspartiet.

- Denne er til heile folket, og alle kan bruka han, forklarar Tor Harald, og peikar på knappen som set automatikken i gong, der ein steg for steg blir forklart kva ein skal gjera. Ein fornøgd butikksjef kan også opplysa om at alle tilsette på Coop'en får tilbod om opplæring av apparatet.

**Styrkar den lokale beredskapen**

Ein annan person som er svært nøgd med hjartestartar i forretninga på kaien er kommuneoverlege Dag-Helge Rønnevik.

- Dette er med på å styrka den lokale beredskapen for situasjonar som kan medføra hjartestans, seier han.

Legen fortel vidare:

Kvart år får 50-100 personar i distriktet vårt akutt uventa hjartestans. Med dagens opplegg for akuttmedisin klarer helsevesenet å berga 10% av desse. Med tidleg oppstart av livreddande førstehjelp og bruk av hjartestartar kan ein berga over dobbelt så mange. Dette forutset derimot at folk flest kan og tør å starta med hjerte-lungeredning og at hjartestartar er rimeleg raskt tilgjengeleg.



**Butikksjef Tor Harald Alvestad med hjartestartaren.**

Det er eit fagleg mål at hjartestartar er framme til pasienten innan 5 minutt. Det mest fornuftige i så måte er å utstyra mannskap i beredskap med hjartestartar – ambulansepersonell, brann/redningspersonell eller tilsvarande beredskapspersonell. Det kan også vera aktuelt å plassera ut stasjonære hjartestartarar på stader der mange personar over 50 år er samla, samt på større idrettsarenaer.

- Det er derfor med glede kommunen mottar nyheten om hjartestartaren på Coop Marked Bokn. Fra før har vi hjertestarter i ambulansen og på legekontoret, avsluttar kommuneoverlege Dag-Helge Rønnevik.

# - Kossen går det?

Oddgeir Hognaland

**Eg tok ein liten sommarprat med ordføraren.**

I haust har Kyrre Lindanger vore ordførar i tre år. Han seier det har vore ei svært positiv oppleving til nå, og han er glad for at han stilde som ordførar. Han bruker ord som kjekt, interessant og lærerikt.

- Det er spennande å vera ordførar og politikar. Nå framover er det spesielt spennande, meiner han og fortel om Rogfast, T-sambandet og dei nye folketalsprognosane for kommunen.

- Alt det nye som me meiner skal skje med Bokn gjer at me må planlegga på ein litt annan måte, seier Kyrre Lindanger, som ikkje vil ut med om han stiller som ordførarkandidat vidare dersom har blir spurt av nominasjonskomitéen i Bokn Arbeidarparti.

Politimannen, som ved sida av ordførarjobben, arbeider på Lensmannskontoret i Tysvær anna kvar tysdag, er glad for at han har med seg flinke, engasjerte og motiverte politikarar på laget, og han føler at dei drar i same retning i mange viktige saker for Bokn. Han trekker også fram flinke medarbeidarar i kommunen og mange hyggelege samarbeidspolitikarar i regionen og andre kommunar i fylket.

Ordføraren synst det har vore litt dumt at kommunen dei siste åra har slite med bemanninga, spesielt på seksjon teknisk. Seksjonen er viktig når det gjeld å setta politiske vedtak ut i livet, og ting har ikkje gått så fort som ein kunne ønske i fleire saker, som t.d. fleirbrukshall, ny molo i Hålandssjøen, oppgradering av Føresvikvegen, sentrumsplan for Føresvik, utbygging av nytt vassverk og nytt bustadfelt ved Fyrvegen.

Det kjekkaste med å ha vore ordførar i tre år har vore å ha økonomisk frihet til å setta prosjekt ut i livet.

- God økonomi med godt overskot på drifta i fleire år, gjer det lettare å vera ordførar og politikar i Bokn enn i fleire andre kommunar som slit med dårleg økonomi.



**Ordførar Kyrre Lindanger**

- Det er kjekkare å bevilga, skapa aktivitet og vekst enn å skjera ned og spara, avsluttar ordførar Kyrre Lindanger.

# Bokn - i aller høgaste grad ein del av norskekysten...

Tekst: Anne Elisabet Askeland - foto: Elisabet Taraldlien, Kyrre Lindanger & Anne E. Askeland

**Kven har vel ikkje høyrt om Dag Lindebjerg, som med si gode, lattermilde stemme og med sine smilande augo og lune humor, har losa mang ein norsk sjåar gjennom fleire NRK baserte TV program – om kystkulturen, om fiskeri og om mykje anna av det som rører seg langs kysten vår? No er han i full gong med å laga ein ny serie; "Norskekysten" som vil verta send på NRK i beste sendetid om få månader.**



Dag Lindebjerg

Onsdag 11. august vitja Lindebjerg og resten av NRK teamet hans, Bokn. Det er takka vere Johannes Nilssen at programmakaren fekk sjå litt av det Bokn har å by på, denne onsdagen. 26. mai i år tok vi kontakt med Lindebjerg fyrste gong. Han bekrefta allereie ei veke seinare og førebuingane til besøket starta i det små. Med ferieavvikling frå medio juni for nokre og til heilt ut i august for andre, har det vore utfordrandre, men ubeskriveleg kjekt å koordinera aktivitetar i relasjon til innspelinga. I henhald til konseptet og målsetjingane for serien "Norskekysten", har vi teke hensyn til fylgjande prioriteringsliste frå Lindebjerg:

*De tingene vi ønsker å vise er i prioritert rekkefølge: Noe næringsvirksomhet. (Hva driver de med her?) Spesiell kulturhistorie. (Det var her....) Interessante mennesker, gjerne knyttet til noe aktivitet. Dette er "direkte-TV" der handlingen er fremdriften.*



- Og;kjør film!

Med dette som utgangspunkt har fleire av boknarane sjølve kome med innspel til kva ein kunne ynskja vart teke med. Det har vore utfordrande å måtte seia nei til ein del av forslaga; ikkje fordi dei ikkje var gode nok, men fordi det ikkje ville vera tid nok til å få med alt. Konklusjonen er at det i Bokn finst så mykje som kunne eigna seg på TV, at ein kunne laga ein programserie berre om Bokn..



Jens – fiskaren, om bord i sjølvbygd båt: "Arsbuen".

The Kvednabekkjers ⟶



Lindebjerg la til kai ca. 10 minutt før forventa ankomst. Då stod det godt med folk på kaien og ynskte han velkomen. Det tok ikkje mange minuttane før underteikna stod der med mikrofonen festa og kamera gjekk.... "Inga tid å miste!! Vi lagar TV!!" Arne Larsen Økland, medmatros og tidlegare fotballspelar, hevda at til og med svoltne magar vart nedprioriterte i ein samanheng som nemnde..

## "Arsbuen"

Lindebjerg vart raskt interessert i historia til Jens Are; noko vi godt forstår: Historia til Jens er flott. Og Jens sjølv representerer flott, norsk ungdom. Ein ungdom som har teke eit bevisst val i livet når det gjeld kva han vil leva av og som har investert både midlar og tid på å realisera draumen sin.

I tillegg til Jens sjølv, fekk også gutane i "The Kvednabekkjers" mykje oppmerksomhet. Dag Indrebø, ein av fotografane, fekk gutane til å flytta trommer, gitarar og keyboard – ut – og om bord i "Arsbuen"; båten Jens har bygd. Det var fascinerande å få oppleva minikonserten som tok form – om bord i båten.. Med lett yr i lufta; men utan at det gjorde skade på verken mannskap eller utstyr.

## Boknafjellet

Medan den eine fotografen fokuserte på historia til Jens Are vart den andre fotografen send til fjells: Til Boknafjellet. På fjellet fekk dei som var der nyta den flotte utsikten; både med det



Birger fortel om seglingsmerket Boknafjellet.



Varden - og den nye kikkerten.



**”Hardsjø”, ”Boknabåten” og jentene..**

blotte auga og ved hjelp av den nyleg monterte kikkerten som no står der oppe.
Vidare gjekk ferda ut i båten til Erik Eikje for å læra meir om eit 3D- verktøy han har utvikla; eit verktøy som gjer ein i stand til å ta klåre bilete/film av havbotn.
Lindebjerg vitja også Oksebåsen, ein mest autentisk husmannsplass med heimehus og løe bygd i eitt.



**Kåre Sæbø serverer fiskesuppe-spesial.**



**Takk for denne gong, Lindebjerg!**

**Bunadjenter**

Det vart også filma mykje frå livet rundt og i sjøhuset til Lars Magnus Alvestad. Dei flotte bunadkledde jentene som helste Lindebjerg velkomen vart også filma – ved fleire og ved ulike anledningar. Det mest spektakulære var nok då jentene og Egil Ognøy ”borda” Boknabåten og rodde side om side med ”Hardsjø” – båten Lindebjerg og dei andre bruka i innspelinga av heile program 8...
Kåre Sæbø, ein av kokkelauget lokalt, serverte nydeleg fiskesuppe; svoltne magar kunne ikkje nedprioriterast – ikkje på Bokn. Det kunne vi ikkje ta sjansen på.

Brått var 4 ½ time over; hektiske timar for nokre medan det for andre diverre vart noko venting. Lindebjerg og dei andre gav uttrykk for at dei hadde hatt 4 kjekke timar saman med oss her på Bokn.

Det var diverre fleire aktivitetar vi ikkje fekk presentert for Lindebjerg og TV teamet; dei var travle og skulle vidare på si ferd langs Norskekysten. ”Inga tid å miste! Vi lagar TV!”

**Takk!**

For dei av dykk som ikkje vart ein del av den direkte filminga denne gong, så er det likevel å seia: Tusen hjarteleg takk for at de stilte opp, for arbeidet de la ned i førebuingar, for smil og go`ord. De var alle med på å gjera dagen til ein flott dag i Alvestadkroken.

Det er så mange som har gjort ein innsats for å koma i mål med dette NRK besøket. Av redsle for å gløyma nokon, nemner eg ikkje enkeltpersonar, men vil heller retta ei takk til dykk alle saman: Takk for innsatsen; uavhengig av art og omfang.
Takka vere innsatsen dykkar vil mange hundre tusen nordmenn om få månader, forhåpentlegvis, få verta litt betre kjende med ein kjekk plass langs norskekysten; Bokn.



**Travelt til kai**

**På bokn.no under Bilder finn ein 100 bilde frå dagen, som interesserte kan lagra/skriva ut. Hugs å klikka på minibildene (for å gjera dei større) før lagring/utskrift.**

## Formannskapsmøte 15.06.10

**SAK 57/10 - Forslag til reguleringsplan for Føresvikvegen.**

**Formannskapet vedtok:**
Formannskapet kan godkjenne at forslag til reguleringsplan for oppgradering av Føresvikvegen legges ut til offentlig etter med 2 alternativer slik det framgår av kart datert 10.06.2010

Saken sendes Rogaland fylkeskommune til uttale.
Formannskapet går samrøystes inn for eit alternativ i samsvar med den gamle traseen.

**SAK 61/10 - Reguleringsplan for boliger – Fyrvegen Nord.**

**Formannskapet vedtok:**
Formannskapet vedtok samrøystes at planområdet utvides til å omfatte til og med krysset mellom Føresvikvegen og Alvestadkroken.

## Kommunestyremøte 15.06.10

**SAK 15/10 - Tilstandsrapport skulen.**

**Kommunestyret vedtok:**
Saka blei tatt til orientering.

**SAK 16/10 - Årsmelding for 2010.**

**Kommunestyret vedtok:**
Årsmeldinga blei samrøystes tatt til etterretning.

**SAK 17/10 - Rekneskap 2010.**

**Kommunestyret vedtok:**
Regnskapet vart godkjent. Det rekneskapsmessige mindreforbruket på kr. 4.449.094,70 vert sett av til disposisjonsfond.

**SAK 18/10 - Finansreglement for Bokn kommune.**

**Kommunestyret vedtok:**
Finansreglement for Bokn kommune vart vedtatt.

**SAK 19/10 - Bokn vannverk – sikringstiltak og utvidelse av kapasitet.**

**Kommunestyret vedtok:**
Kommunestyret gir rådmannen fullmakt til å søke NVE om konsesjon for gjennomføring av en oppdemning av Torlandsvatn med 1m i forhold til normalvannstand ved bekkeløp.

Rådmannen får fullmakt til å engasjere konsulent for utredning av konsekvenser for fisk,dyre- og planteliv i vassdraget.
Kostnaden på ca. Kr.45.000,-dekkes av avsatt til tilleggsløyvingar.

**SAK 20/10 - Utgreiing av fullintegrert barnevern for kommunane Tysvær, Vindafjord, Sveio, Etne, Bokn og Utsira.**

**Kommunestyret vedtok:**
Saka blei trukket i påvente av å få til eit ordførarmøte om saka.

**SAK 21/10 - Trygghetssjukepleier.**

**Kommunestyret vedtok:**
samrøystes å settje ut saka og må ses i samanheng med budsjettet for 2011. Både fase 1 og fase 2 må redgjøres for i den sammenheng.

**SAK 22/10 - Gebyrer etter ny plan- og bygningslov.**

**Kommunestyret vedtok:**
Med heimel i Plan- og bygningslova § 33-1, godkjenner Bokn kommunestyre gebyrregulativ for byggesakshandsaming for 2010, jamfør vedlagt forslag datert 2. juni 2010.

Nytt regulativ trer i kraft frå 01.07.2010.

**SAK 23/10 - E 39 Rogfast – kommunedelplan.**

**Kommunestyret vedtok:**
Kommunestyret vedtok samrøystes å opprettholde tidligare vedtak i saka

**SAK 24/10 - Bygging av skule/fleirbrukshall.**

**Kommunestyret vedtok:**
Kommunestyret vedtok samrøystes at formannskapet må jobbe videre med saka og legge fram forslag for kommunestyre til hausten.

**SAK 25/10 - Årsmelding 2009 – Kontrollutvalet.**

**Kommunestyret vedtok:**
Kontrollutvalet si årsmelding blei tatt til etterretning



# *Nei, her får du ikkje mat med det fyrste...*

## - om haustsol, svultne magar og nye liv....

Anne Elisabet Askeland

Borti Peraliå leika dei to småjentene heile føremiddagen. Dei gjekk godt i lag, tykte dei vaksne. Litt kulse var det; haustsola tok ikkje noko særs.

- Veit du kva, Solveig, eg vil verta barnepleiar når eg vert stor. Då kan eg sikkert leika med dokker heile dagen.
- Det kan du vel ikkje; det er det jo ungane som gjer, svara Solveig. – Nei, du må nok vaska og laga mat, reia senger og rydda og slikt. Og når eg høyrer koss mor mi syter bakom vaskebøtta trur eg eg ville valt noko anna...
- Eg kan vel vaska eg; eg er ganske flink faktisk, innvende den andre litt småfornærma. – Farmor har lært meg å vaska! Men, vaska heile dagane – det er det jo ingen som gjer – ikkje nå lenger iallfall. Men, før i tida seier farmor, ja då låg dei og skura kle ned i bekken. I timevis.....

Dokkene vart kledde, lagde og dulla med. Jentungane byssa med sine tynnaste mål. Snart sov dokkene fredeleg.

- Nå lar me dei sova ei stund, kviskra Elise vakse og dregg trekket over dokkevogna.
- Ja; me kan gjerne kvila og eta litt medan ungane søv, kviskra Solveig like vakse.
- Farmor seier at då ho vart mor la ho seg til å kvila når far min låg og sov for det var viktig å kvila når babyen kvilte. Farmor har teke vare på kvitelen ho bruka og alt. - Å, han er så fin - lyseblå, mjuk – og så varm..
- Kvitelen?
- Ja, teppe vel? Ho kunne jo ikkje verta liggjande å frysa heller!
- Men du Elise, eg er sulten – la oss gå og inn og ta oss ei brødskive?
- Sulten? Nei! Her får du`kje mat før du er svulten, - det seier alltid farfar til meg!
- Jammen, eg sa jo det?
- Nei, du sa sulten! Korfor seie du slik som i Oslo og ikkje her på Bokn?

Eit tynt slør av dis la seg føre sola og det trakk om akslane. Dei skjegla på kvarandre, usikre på kor dette ville bera av stad. Dei hadde ikkje tid til å krangla no; dokkene sov jo og dei måtte nytta anledninga til å kvila og eta sjølve!

- Eg trur du høyrer ringt, sa Elise. – Eg sa jo sulten!
- Men, du må seia svulten...
- Kan me ikkje gå inn no og spisa litt nå, Solveig?
- Javel då, sukka den andre, me får vel eta – men, eg er redd farfar ville sagt noko anna ...
- Men, han er jo ikkje her nett no – han skulle jo snu ein sau som gjekk i ålvelte.

Snart høyrdes hektisk aktivitet på kjøkenet. Koppar skrangla og bestikk slo mot bordplata brått avbroten av glad jentelått. Om det var den sultne eller det svultne som slo opp latterdøra, kan vera det same. Men mat fekk dei begge to; det veit me.

---

## Bakgrunn:

I eit møte i arbeidsgruppa *Helse/trivselsfremjande tiltak* kom det eit innspel om å sjå på koss det let seg gjera å laga eit historiehefte tilpassa born og ungdom og med emne frå boknasamfunnet. Ein ynskjer å samla inn materiale på eit så breitt grunnlag som mogleg.

Underteikna møttes for ein uforpliktande prat om denne ideen. Den uforpliktande praten resulterte i deltaking på årets fyrste styremøte etter at Bokn Historielag starta opp att no i år. I dette møtet fekk ein lufta ideen enno ein gong og mange nye innspel vart lagde til lista over gode innspel.

Resultatet ser du som lesar konturane av, i lesande stund. I møtet var det semje om å presentera dette prosjektet for boknarane og invitera til at alle som har innspel, kommentarar, historier, slåser, gåter og rim eller som berre har lyst til å høyra meir om prosjektet, om å ta kontakt (kontaktinfo nedanfor).

Bokn Historielag, men og andre aktørar, framstår som heilt sentrale samarbeidspartnarar i eit prosjekt som dette. Hovudmålsetjinga med tiltaket er å bidra til å leggja til rettes for og å bevara historier frå Bokn tilrettelagde for born og unge. Ja; rett og slett: Kunne me koma i mål med eit historiehefte for denne målgruppa?

Eit anna mål med tiltaket er både å skapa respekt for og kjennskap til eigen dialekt. Kvar er røtene dine, kva har språket å seia for kven du er og for kven du kjem til å verta - ein gong? Eller som det nyleg vart uttala: "Me kan gje borna våre røter og vengjer."

Dette er kjernen i tiltaket. Difor treng me **deg** på laget! Vil du bidra i arbeidet med å gje boknaborn og –ungdom rotfeste i eigen kultur og med det ein meir grunnfesta tillit til eigen bakgrunn og med det til seg sjølv? Ta då kontakt med:

**Birger Lindanger:**
**E-post: birger.lindanger@uis.no**
**Mob: 92069228**

**Anne Askeland:**
**E-post: anne.askeland@rrs.no**
**Mob: 95945908**

KJEKT PÅ BOKN

## SLÅSEKVELD

Bokn historielag har Slåsekveld med historier frå Bokn på Allrommet **torsdag den 16. september kl. 19.00**

Enkel servering

Har du sjølv ei slåse å fortelja, kan du gjerne det.

Alle er velkomne

# Utsiktspunkt Boknafjell - no med kikkert!

Tekst: Anne E. Askeland - foto: Kyrre Lindanger

Som kanskje dei fleste veit, har ei av arbeidsgruppene i Kjekt på Bokn; Ta naturen i bruk, over fleire år jobba med å få til det ein har kalla “Utsiktspunkt Boknafjell”.

Ein har lenge hatt eit ynskje om å få på plass ein kikkert, benker og gjerne bord, samt noko som gjer at ein kan sitja i ly for vinden. I tillegg har ein eit ynskje om å setja opp informasjon om kva ein ser i dei ulike retningane.

Arbeidet med prosjektet går jamn og trutt, men med utgangspunkt i møte med utfordringar knytt til be-grensningar når det gjeld to fornminne (kulturminne) som er lokalisert like ved varden, har arbeidet teke noko lenger tid enn fyrst antatt.

Men; det har ikkje stoppa arbeidsgrup-pa Ta naturen i bruk frå å jobbe vidare med prosjektet. Som ein start, har ein no fått plassert ein flott kikkert på top-pen av fjellet.



**Arne Larsen Økland testar kikkerten i samband med NRK-opptak til programmet ”Norskekysten”**

**Ta turen opp, ta naturen i bruk og nyt synet av den flotte regionen du bur i. Velkomen til topps!**

**Framhald fylgjer; følg med.**

## Omsetning av eigedomar i Bokn kommune

Kjelde: Statens kartverk

**Øvrebøvågen 8 (Gnr 3, bnr 9)** er solgt for kr 700.000 fra Arne Handeland til Johannes Handeland

**(29.06.2010)**

**Føresvikvegen 68 (Gnr 9, bnr 42)** er solgt for kr 1.000.000 fra Erling Sæbø til Hilde Louise Sæbø og Jørn Hansen

**(29.06.2010)**

**Lodavegen 553 (Gnr 19, bnr 12)** er overdradd fra Anna Harriet Hognaland til Odd Øyvind Hogna-land

**(01.07.2010)**

**Øyren 2 (Gnr 4, bnr 11)** er solgt for kr 900.000 fra Trond Harald Almås til Tor Inge Sæbø

**(23.07.2010)**

**Gratulerer!**



**Wenche L. Havikbotn,** 40 år 28. aug.

Me vil gratulera verdens beste kone og mor med dagen!

**Klem fra Jardar, Simen og Ida**

# Bygdabladet for 20 år sidan

## FRÅ NR. 6 1990

## NYTT FRA IDRETTSLAGET

Orienteringskartet over området nordre del av Vestre Bokn er nå ferdig og har fått navnet "Boknafjellet". Det er også laget et instruk-sjonskart over området rundt Bokn skule og nordover til Kongshavn. Dette kartet har fått navnet Føresvik".

Dermed er 2 års arbeid med planlegging, konst-ruksjon, synfaring, rentegning, prøvetrykk, kontroll og trykking av kartet endelig ferdig. Håper kartene blir til gagn og glede for store og små.

Det er nå lagt ut 20 turorienteringsposter i området rundt og på Boknafjellet. Konvolutter med kart og postbeskrivelser fås kjøpt på Han-delslaget og hos Steinar Alvestad, og koster kr. 20,-

Ta dere en tur ut i marka og finn postene sam-tidig som dere nyter Bokn's flotte natur og får trimmet sjel og legeme.

## Fra barnemunn:

Faren min kan ikke få flere barn, han, for han har vært hos nøtteknekkeren. Graverte damer går med babyen i ca 204 måneder.

I gamle dager var det ikke lov for faren å føde barn. De syntes det var umusi-kalsk. Men i dag er det vanlig at moren og faren føder barnet sammen.

Sjelen ligner en plastpose. Den er tynn og gjennomsiktig og tar ca 4 liter.

Nesa beveger seg i alle retninger som en radar, til den har funnet ut hvor stanken kommer fra. Da roer den seg ned.

Kjelde: Internett

Serie

# Kjæledyret mitt

Alle med kjæledyr kan vera med i serien.
Ta kontakt på post@bygdabladet.no
Tlf. 98 22 15 08

## Waldi

Lea Banaszkiewicz

Hei, eg heiter Waldi. Eg elskar å leike med Kitty, det er katten vår, men ho slår alltid tilbake.

Eg elskar kattemat, men det eg liker best er hundesnop!

Av og til tisser eller bæsjer eg inne, då får eg litt kjeft. Eg elskar å leike med folk, men det beste er å kose med folk.

Eg elskar å rote i huset, og dei eg liker best er Lea, René, Britt, Maria, Madelen, Kristina og Ida Havikbotn.

Eg fylte to år i sommar.

Stor klem
Waldi




Neste gong fortel Hermine Lindanger om katten Svante.

# Våt sjørøvarfest

Kyrre Lindanger

Havnavegen velforening inviterte 19. august til tradisjonell sjørøvarfest med innlagt fiskekonkurranse og gange på apebru.

Den årvisse festen blei arrangert i sjø-husmiljøet i Hålandssjøen og om lag 40 personar hadde møtt opp for å grilla pølser og fekta med sverd til tross for enkelte styrtregnsbyger. Styret i velforeninga hadde førebudd festen godt og hadde satt opp party-telt.

Det blei gjennomført fiskekonkurranse for dei minste sjørøvarane, der den største og minste fangsten blei premiert. Sjørøvarane utfordra også kvarandre med kryssing av apebru laga av pallar lagt ut i sjøen.

Tradisjonen tru kom kaptein Sabeltann innom Hålandsjøen og sørga for at sjokoladeskatten også i år kom for dagen – til stor glede for kapteinens yngre kollegaer.



## Glimt frå festen



Foto: Henriette S. Lindanger



Foto: Rannveig F. Øvrebø



Foto: Henriette S. Lindanger

# Kulturkalenderen

Endringar og nye arr. er **utheva.**

**August**
29. Friluftsdag - arr. Bokn I.L. & Bokn KFUK-KFUM-speidarar
30. Bibellesing på bedehuset 19.00
31. Speidaren: Oppstart for vandrarane og stifinnarane

**September**
01. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus
03. Kino i Auditoriet
05. Gudsteneste kl. 11.00 - Konf.pres./50 års konf.
07. Speidaren: Oppstart for oppdagarane
07. Forvaltningsstyremøte
08. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus
10. Petra fritidsklubb: Petrakveld, Kyrkjebygd kulturhus
12. NMS har misjonsfest på bedehuset kl. 19.00
13. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
14. Formannskapsmøte
15. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus
**16. Slåsekveld på Allrommet kl. 19.00, arr. Bokn historielag - sjå s. 7**
17. Kino i Auditoriet
18./19 Speidaren: Tur til Sandbekken for stifinnarane
**18. Norges Cup 2010 i trial (NC4) på Torland, arr. Pluggen MK Bokn - sjå s. 14**
**19. KretsMesterskap-finale 2010 i trial (KM5) på Torland, arr. Pluggen MK Bokn - sjå s. 14**
19. **Gudsteneste kl. 11.00**
22. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus
**22. Strikkekafé kl. 18-21, Kyrkjebygd kulturhus**
24. Bedehusbasaren kl. 19.00
25. Speidaren: Kampen om Vikingskipet
26. Bingo - arr. Bokn musikkorps **kl. 16.00**
26. ABR-senteret har møte på bedehuset kl. 19.00
27. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
28. Kommunestyremøte
**29. Eventyrstund på biblioteket kl. 17.00**
**30. Bokn pensjonistforening har møte på Allrommet, Boknatun kl. 17.30**

**Oktober**
01. Kino i Auditoriet
03. Gudsteneste kl. 11.00 - Hausttakkefest
**03. Familiespeiding i Loden kl. 15.00, oppmøte kai ved Svein Ove**
06. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus
**06. Strikkekafé kl. 18-21, Kyrkjebygd kulturhus**
06. Basar for Den Indre Sjømannsmisjon kl. 19.00 på bedehuset
08. Petra fritidsklubb: Spelekveld/LAN - Bokn bibliotek
Veke 41 Haustferie, Bokn skule
11. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
13. Artep kulturkafe kl. 16-20, Kyrkjebygd kulturhus
14. Normisjon, møte på bedehuset kl. 19.00
15. Kino i Auditoriet
16. Kontaktmøte på bedehuset kl. 18.00
17. Gudsteneste kl. 11.00
**17. Bingo kl. 19.00 - arr. Bokn musikkorps**
19. Forvaltningsstyremøte
